



JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENTET

Evaluering av offentleglova – bakgrunn, ramme, tematikk, prosess, erfaringar og status. Veggen vidare?

Kst. lovrådgjevar Ole Knut Løstegaard

Evalueringskonferansen, Bergen 19. september 2014

Evaluering av offentleglova - bakgrunn

- Prosessen med revisjon av offentlegheitslova – framlegg om ny lov NOU: 2003:30, Ot.prp nr. 102 (2004-2005) og Ot. prp. nr. 9 (2005-2006)
- Innst. O. nr. 41 (2005-2006): Innstilling til vedtak punkt B: «Stortinget ber Regjeringen om å foreta en evaluering av offentleglova i løpet av neste stortingsperiode med hovedfokus på om intensjonene om mer innsyn har blitt oppfylt.»

Evaluering av offentleglova - bakgrunn

- Innstillinga vart 9. mai 2006 vedteke i Stortinget
- Mindretalet, Frp og H, gjekk inn for eit meir detaljert evalueringsvedtak. KrF og V støtta dette.
- Kva skulle ei evaluering gå ut på? Vedtaket sa lite om det.
- «..neste stortingsperiode»: 2009-2013

Evaluering av offentleglova - bakgrunn

- Vedtak 9. mai 2006, ny lov vedteke 19. mai
- Ny lov tok til å gjelda 1. januar 2009
- Evalueringsspørsmålet kom difor opp relativt kort tid etter at lova tok til å gjelda.
- Korleis skulle dette gjennomførast?
- Arbeid med offentleglova elles: kurs, rettleiar og anna informasjonsarbeid

Evaluering av offentleglova – ramme og tematikk

- Våren 2010: arbeidet som skal føre fram til ei evaluering tek til
- Tankar og tema – kva skal egentleg evaluerast?
- Metode? Evaluering, ikkje revisjon!
- «Har det vorte meir innsyn?» Korleis måle det?
- Kven skal gjennomføre ei evaluering?
- Andre oppgåver – mange spørsmål rundt lova

Evaluering av offentleglova – ramme og tematikk

- Våren 2011 – enkelte tema for evalueringa har kome på plass
- Meir innsyn? Statistikk åleine kan ikkje avklare spørsmålet – metodespørsmålet
- Tidsplan?
- Andre spørsmål like opne som i 2010

Evaluering av offentleglova – alt endra seg så fort

- 22. juli 2011 – alt kan endre seg med eit brak!
- Evalueringsprosessen ikkje prioritert den næraste tida, med god grunn!!
- Andre oppgåver venta, t.d. måtte JD finne ein stad å vera.
- Materiale gjekk tapt.
- Evalueringsprosessen sett på vent.

Evaluering av offentleglova – prosessen

- Vinteren 2011-2012: departementet attende i funksjon – evalueringsarbeidet i gang att
- Evalueringsmøte juni 2012 på Brynseng
- Eit førebels opplegg nokolunde klart
- Hausten 2012: nytt opplegg og nye prioriteringar – forskingsbasert evaluering, utført av eksterne forskarar, etter offentleg utlysing

Evaluering av offentleglova – ramme og tematikk

- Kvifor endring i opplegget?
 - Poenget med ei evaluering
 - Behov for å gå breiare ut enn det departementet sjølv har kapasitet til
 - Kompetanse på området og legitimitet for evalueringa
- Tidsmomentet: Ikkje lenger mogleg å gjennomføre evalueringa innanfor stortingsperioden
 - Hendinga 22. juli hadde alt forseinka prosessen sterkt
 - Lova hadde verka i langt kortare tid enn det Stortinget la til grunn då tidsfristen vart fastsett i mai 2006

Evaluering av offentleglova – ramme og tematikk

- Seinhausten 2012 til hausten 2013: utarbeiding av opplegg for forskingsbasert evaluering
 - Interdepartemental arbeidsgruppe
 - Erfaringar og innspel frå møtet i juni 2012
 - Andre innspel
- Planar for nytt opplegg presentert i ulike fora – dels til negativ kritikk og negative reaksjonar
 - Kva er det dei vil ha??? Revisjon, ikkje evaluering?

Evaluering av offentleglova – prosessen

- Mange ynske om innsyn i prosessen – og mykje innsyn gjeve undervegs
- Innsyn i det førebelse opplegget vart nekta under den interdepartementale prosessen.
- Kritikk mot nekta innsyn
 - ...men dette var då ein vanleg interdepartemental prosess? Ikkje sagt noko om evt. innsyn seinare.

Evaluering av offentleglova – prosessen

- Evalueringsopplegget klart hausten 2013
- Så vart det ny regjering..
 - Behov for ny avklaring
 - Prosessen så vidareført og førebels ferdigstilla
- Pressa og andre fekk innsyn i opplegget i mars 2014
 - Møte med pressa 18. mars – dei var stort sett nøgde med opplegget!!
 - Ytterlegare innspel frå pressa og andre – ferdigstilling

Evaluering av offentleglova – utlysing av oppdraget

- Evalueringsoppdraget lyst ut på Doffin 16. mai 2014, frist for tilbud 20. juni 2014
- Ingen tilbud kom inn
- Mange interesserte – kva hadde skjedd?
 - Fristen kolliderte med frist for søknad om middel frå Forskingsrådet
 - Mange andre oppdrag skulle ferdigstillast på den tida
 - Dette førte til at fleire interesserte ikkje hadde høve til å kome med tilbud innanfor fristen

Evaluering av offentleglova – status og vegen vidare

- Ny runde – kva gjer ein?
- Full ny utlysing 14. juli – tilbodsfrist 26. sep.
- Kjem det tilbod no?
 - Fleire aktørar har iallfall kontakta JD om praktiske spm
- Men... fåglarna vet....
- Veggen vidare: kva vil skje etter at evalueringsrapporten ligg føre?
 - Lovendringar? - Stortingsmelding? –Noko anna?

Erfaringar – kva har me lært av denne prosessen?

- Undervurder aldri kor lang tid ting kan ta!
- Undervurder aldri behovet for endringar undervegs, for avklaringar og for å evaluere desse!
- Ver førebudd på at det du veit brått ikkje gjeld lengre!
- Ver alltid førebudd på negativ evaluering frå omverda, same kva du gjer!
- Ver førebudd på at kontoret ditt brått kan bli borte!!
- Ver alltid klar til sjølvevaluering!!!
- Og: kan noko gå gale så... ...kan det nok evaluerast!